



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Kviteseid Sokneråd**

**REFERAT**  
**frå Kviteseid Sokneråd (SR)**  
Onsdag 19.10.2022, kl.18.00  
Stad: Fjågesund kyrkje

**Innkalla:**

Marit Gotuholt (leiar), Marit Sørby (nestleiar), Sigrun Garvik Moen (sekr.), Dagfinn Køhn, Unni Snaunes, Toralf Grave, Gudrun Nordbø Venås, Vidar Syrtveit Mikalsen. Møyfrid Lunde (sokneprest), Bjørn Nordskog (kommunerepresentant og ordførar). Vigdis Helen Bruhaug (1. vara), Kristen Salmelid, kyrkjeverje.

Vara for kommunerepresentanten vart innkalla tysdag 18.10., og møtte: Jonn Foldøy

I tillegg var kyrkjelydsutvalet med på heile eller delar av møtet: Aud Turid Fjågesund, Anette Gravir Rønningen og Monica Haugestøl.

**Forfall:** Toralf Grave, Vigdis Helen Bruhaug (1. vara), Bjørn Nordskog (kommunerepresentant og ordførar).

Ord for dagen: Møyfrid Lunde

Servering: Kyrkjelydsutvalet i Fjågesund

Oversikt over saker:

<b>SR-sak 34.22 FR</b>	<b>Innkalling og saksliste</b>
<b>SR-sak 35.22 FR</b>	<b>Post og meldingar</b>
<b>SR-sak 36.22 SR/FR</b>	<b>Gudstenesteutvalet i Fjågesund og Kilen, og synfaring i Fjågesund</b>
<b>SR-sak 37.22 SR</b>	<b>Gudstenesteplan for 2023</b>
<b>SR-sak 38.22 FR</b>	<b>Straumsparingstiltak og inndekking av meirkostnader</b>
<b>SR-sak 39.22 SR</b>	<b>Kyrkjeval 2023</b>
<b>SR-sak 40.22 SR</b>	<b>Allehelgens dag</b>
<b>SR-sak 41.22 SR</b>	<b>Ta vare på inventaret i kyrkjene</b>
<b>SR-sak 42.22 SR</b>	<b>Eventuelt</b>

SR-sak 34.22 FR	Innkalling og saksliste	MG
<p>Innkallinga til dette møtet vart sendt ut på e-post onsdag 12.okt. 2022 til alle medlemmer og varamedlemmer i Kviteseid sokneråd (samt revisor og prost til orientering). Kyrkjelydsutvalet fekk eiga innbyding.</p> <p>Merknader til innkalling eller saksliste?</p> <p><b>Forslag til VEDTAK:</b> Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett.</p> <p><b>VEDTAK:</b> Som føreslege.</p>		
SR-sak 35.22 FR	Post og meldingar	MG / KS
<ol style="list-style-type: none"> <li>1. <b>Gjennomførte arrangement sidan siste sokneråd:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Felles sangkveld i Kviteseid kyrkje 25. sept. Besøk av Hilde N. og Espen G. Gundersen.</li> <li>• Føremiddagstreff 28.09.</li> </ul> </li> <li>2. <b>Planlagde arrangement:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <u>Kick-off for konfirmantane</u> 28.-29. okt.: (Felles i ‘Ønsket og elsket’. Ref sak 30.22)</li> <li>• <u>Føremiddagstreff</u> på Misjonshuset er planlagt til 26.10. og 23.11.</li> <li>• <u>Kyrkjelydsbasaren</u> laurdag 26.11. Kyrkja deltar òg truleg på jolemarknad på Mylletorget i Kviteseid fredag 25. nov. (Då er det òg jolegran-tenning i Kviteseid)</li> <li>• <u>Orientering om kyrkjetekstilar:</u> Herdis Nordbø Jørgensen og Hanne Roholdt vil orientere om kyrkjetekstilane i Kviteseid kyrkje 30.oktober. Brunkeberg kyrkje var planlagt til 9.oktober, men utsett til neste messe der, som er 27. nov.</li> <li>• <u>Konsert</u> i Kviteseid kyrkje ved Hans Inge Fagervik 26. nov. kl. 17.00</li> <li>• <u>Adventskonsertar</u> (sjå meir i kyrkjebladet): <ul style="list-style-type: none"> <li>1. Adv.konsert for eldre blir onsd. 7.12. kl. 11.00 i Kviteseid kyrkje</li> <li>2. Vrådal kyrkje, torsd. 1. des. med Haugen og Ajer kl. 19.00</li> <li>3. Kviteseid kyrkje søndag 11.des. kl. 17.00, med alle kor i bygda og hornmusikken.</li> </ul> </li> <li>• <u>Fest for Lundenjordet</u> onsd. 14.12. kl. 18.00 på Misjonshuset.</li> </ul> </li> <li>3. <b>Kulturutvalet</b> har hatt møte 1.6. og 7.9.. <i>Referata ligg ved inkallinga.</i></li> <li>4. <b>Eittårskontroll av sikringsarbeidet i Brunkeberg kyrkje</b> er gjennomført. Resultatet er særst tilfredsstillande.</li> <li>5. <b>Lysekrona i gamlekyrkja</b> som er i særst dårleg forfatning, er ikkje funne løysing på ennå. (Sjå sak 41/22)</li> <li>6. <b>Nye omnar til Kviteseid kyrkje</b> er montert, men ennå ikkje tilkopla til straum og styring. Dyrud har overteke det ansvaret i staden for vår ‘hus-elektrikar’ gjennom mange år, Aslak Midtbøen som må trappa litt ned. Vi vonar å ha alt installert ved utgangen av oktober, men det er fleire aktørar vi ikkje har kontroll på, så dette kan bli forsinka. Mellom anna må eit</li> </ol>		

heilt nytt sikringsskåp byggjast av eksternt selskap, då elektrikar ikkje lenger har lov til å gjere dette.

7. **Tilgang til data i Kviteseid kyrkje.** Det er inga optisk datalinje nær kyrkja, så difor er eit enkelt sim-kort bestilt for trådløst mobildata. Ensama som leverer systemet, leverer og ein ruter slik at vi da får mobilt trådløst nettverk i kyrkja til anna bruk og.
8. **Renovering av blyglassvindauga i Kviteseid:** To blyglas vart 3. oktober tatt ut for å bli renoverert i Tønsberg nå i næraste framtid. Så no står berre verneglasa att, eitt på nordsida og eitt på sørsida. (sjå og SR-sak 41.22)
9. **Digitaliseringsstyret i Den norske kyrka** arbeider med felles digitale løysingar for alle einingar i Dnk. Det blir brukt millionar av kroner til dette. Felles lokalt skrivebord (på PC-ane våre) er det fyrste dei vil innføre. Det skal gje enkel tilgang til kyrkjens digitale løysingar, dei som finst i dag, og framtidige. Vi er ikkje veldig aktive brukarar av det som finst i dag.
10. **Permisjonssøknad.** Kyrkjevevja søkte om permisjon i 20-40 % ut året. Det var kommunen som trong hjelp til flyktning-forvaltninga og kom med utfordringa sidan kyrkjevevja tidlegare har vore flyktningkonsulent og sat med nyttig kompetanse. I samtaler med soknerådsleiar og nestleiar, vart søknaden avvist.
11. Tilsette i Den norske kyrkja treng tilgang til folkeregisteret i samband med dødsfall og fakturering av festeavgift. Kyrkjekontoret har ikkje lenger automatisk tilgang til registeret (frå 01.10.22). Det må søkjast om å få tilgang. Denne saken tek noko tid å få på plass.

**SR-sak 36.22**  
**SR/FR**

**Gudstenestuetvalet i Fjågesund og Kilen, og synfaring i Fjågesund**

**MG / KS**

Etter årshjulet for denne soknerådperioden møter soknerådet eit kyrkjelydsutval kvart år på dette haustmøtet. Vi har tidlegare besøkt Brunkeberg i 2020, Kviteseid i 2021, og nå er turen komen til Fjågesund (og Kilen). Her er stikkord for møtet i Fjågesund:

1. Det er no over eitt år sidan forsøket på brannstifting av Fjågesund kyrkje. Kort gjennomgang av kva som skjedde
2. Synfaring av kyrkja inne og ute
3. Litt om Kilen kapell
4. Litt om bruk av Fjågesund kyrkje og Kilen kapell, talet på gudstenester og anna
5. Samtale med kyrkjelydsutvalet om deira teneste
6. Takk til kyrkjelydsutvalet for det dei gjer, og ekstra takk til Trond Fjågesund

#### **Forslag til VEDTAK:**

Soknerådet er takksame for alt det gode arbeidet kyrkjelydsutvalet for Fjågesund og Kilen legg ned.

#### **VEDTAK:**

Som føreslege.

#### **Notat frå informasjon og samtala:**

1. Brannstiftinga var søndag 12. september. (Sjå rapport på Post og meldingar, SR-sak 51/21 og Årsmeldinga for 2021) Ingen skuldige er funne. Hovudskaden skjedde då brannvesenet saga hol i golvet og leirstøvet la seg i heile kyrkja. Den er gjort rein. Berre orgelet er reinsa for kr 50.000, som tilsvara eigenandelen vår i forsikringsselskapet. Ny

luke er sett inn til krypkjellaren og nye lufteluker er installert utvendig rundt grunnmuren.

2. Nytt i og rundt kyrkja dei siste åra er
  - a. Brannvarslingsanlegg med aspirasjonsanlegg og optisk flamme-deteksjon var ferdig installert våren 2021, berre månader før brannstiftinga.
  - b. Nytt og forbetra lynvernanlegg er installert våren 2021
  - c. Som ein del av pkt. b, vart det grave ned ein koparkabel rundt heile kyrkja. Samstundes la vi fleire av takrenne-nedløpa i røyr i bakken for å føre vatnet bort frå kyrkja. Vatnet hadde grave vekk mykje jord frå alle takrennene og utover.
  - d. Nytt lydanlegg kom på plass i kyrkja takka vere mange gode gåver frå private, lag og foreiningar, hovudsakeleg i Fjågesund. Litt opprydding i leidningar på galleriet står att.
  - e. Vegen ned til kyrkjegarden er ei utfordring å halde ved like. Med store nedbørsmengder er det vanskeleg å lede bort alt vatnet, så det øydelegg vegen. For om lag 4-5 år sidan gjorde vi eit større arbeid saman med grunneigar Nils Torjus Østenå som eig sagbruket nedanfor kyrkjegarden. No i haust har Trond Fjågesund skrapa på vegen etter oppdrag frå oss, men gjer det på dugnad.
  - f. Vegen opp til kyrkja fekk nytt gruslag i 2021. Samstundes fekk vi lagt på litt grus heilt bort til huset som Trond og Aud Turid eig, som takk for det han/dei gjer for kyrkja. Litt grus blei og lagt på P-plass utanfor her.
  - g. Kyrkja blei sist måla og tjørebreidd i 2015 og 2016, så den var fin til jubileet.
3. Kyrkjekaffi og blomar til alle eldre til jol.
4. Bruk av kyrkjene:
  - a. Fjågesund har 4-5 forordna gudstenester kvart år, fleire av desse i høgtidene. I tillegg er det eitt og anna år ein vigsel der. Det er lenge sidan siste konsert. Siste gravferd der var i 2020. Dei siste åra har det vore ei gravferd i året (2017:3, 2014:2, og 2012:5). Dei siste åra har det og vore nokre urnenedsettingar.
  - b. Kilen kapell har to forordna gudstenester i året, ei tidleg haust, og ei før jol Siste sommar var det ei gudsteneste rund Olsok, med ein prest som ferierar der. I september var det og ein vigsel i Kilen. . Siste gravferd der var i 2017, for 5,5 år sidan. Det var elles ei i 2016 (urne), to i 2015 og 2014, og ei i 2011.
5. Takk til
  - a. Kyrkjelydsutvalet.
  - b. Trond Fjågesund heiser og firer flagget for kyrkja og bygda på høgtidsdagar. Han ringer inn til jol, påske og pinse, og han får som nabo meldingar frå brannvarslingsanlegget når noko er gale, om det er feilmelding eller melding om brann. Alt dette gjer han kostnadsfritt. Det sparar oss for pengar og mykje ekstra arbeid. Det hender vi ber Aud Turid og om å ta seg ein tur opp og sjå etter.

#### **VEDTAK:**

Soknerådet er takksame for alt det gode arbeidet kyrkjelydsutvalet for Fjågesund og Kilen legg ned.

**SR-sak 37.22 SR**

**Gudstenesteplan for 2023**

**MG / ML**

Forslag til gudstenesteplan for 2023 er behandla i gudstenesteutvalet 28.09.22. Forslaget gjeld hovudgudstenestene og ekstra kveldsmesser. Dei ekstra kveldsmessene er ikkje med i teljinga. I tillegg kjem tre gudstenester i Vrådal som vi har fått ekstra presteressurs til. Desse skal dekkast opp av presten i Fyresdal på tre sundagar då det passar med gudstenesteplanen i

Fyresdal. Gudstenesteutvalet foreslår fortrinnsvis å få lagt desse til juni, september og november for å få til ei god fordeling.

Gudstenestene i gamlekyrkja juni og august avheng av dag for opning av bygdetun og Kviteseidagen som ikkje er gjort kjent enno.

Det er førebels ikkje gjort evaluering av 17. mai-feiringa etter ny modell i vår. I påvente av dette, er det ikkje sett tidspunkt på gudstenestene 17. mai.

#### **Forslag til VEDTAK:**

Soknerådet vedtek den framlagde gudstenesteplanen for 2023 med dei uavklarte punkta som er nemnt i innleinga til saka.

#### **Vedlegg: Gudstenesteplan 2023**

#### **VEDTAK:**

Soknerådet drøfta den framlagde gudstenesteplanen for 2023 og gjorde desse endringane på planen:

2. juli: Gudsteneste i Kilen (felles med Lunde).

06. august: Gudsteneste i Kviteseid.

13. august: Gudstenete i Vrådal.

*(Gudstenesteplan 2023 slik den er vedteken, ligg ved referatet)*

#### **SR-sak 38.22 FR**

#### **Straumsparingstiltak og inndekking av meirkostnader**

#### **MG /KS**

**Så langt i 2022** har vi hatt straumkostnader på kr 284.000 med eit budsjett på kr 200.000.

Soknerådsmøtet i juni, fekk sjå at straumbudsjettet for 2022 var brukt opp allereie før utgangen av mai. Anslag på forbruk ut året var da kr 400.000.

Vi 'fann' eigne midlar tilsvarende kr 100.000

- oppspart fond i KLP og
- forventa innsparing dette året med nye omnar i Kviteseid kyrkje.

Vidare søkte vi kommunen om ekstra tilskot på kr 100.000 til straumstønad. Det blei avvist i både formannskapet og i kommunestyret, siste plass med knappast mogleg fleirtal.

Forventa rekneskapsunderskot grunna høge straumkostander, må soknerådet dekke inn med innsparingar i kombinasjon med bruk av fond. Dei estimerte kostnadane på kr 400.000 (meirkostnad på kr 200.000), trur kyrkjeverja blir for lite, men det er vanskeleg å spå med så variable straumprisar som vi ser i dag. I varme månader frå juni t.o.m. september, er meirforbruket på denne posten rundt kr 90.000.

Vi har litt på fond i KLP, der vi resten av året bruker alt vi kan. Resten må dekkjast inn frå disposisjonsfondet. Det er desse kommunen ber oss bruka av.

- Saldo på tilgjengelege midlar hos KLP er pr i dag kr 321.105. Vi har nyleg meldt inn 'Bruk av alt tilgjengeleg'. Bruken av desse midla sparer oss og for pensjonskostnadar i rekneskapan. (Døme: Premie Pensjonsforsikring 4. kv. 2022 er på 89.400. Vi trekker 83.400 frå fondet og betaler berre kr 6000. Då får vi samstundes kr 83.400 mindre i kostnad, noko som gjev betre resultat.) Rest på det fondet ved årsslutt kr 241.702. Dei held vi fram med å bruke i 2023.
- Disposisjonsfondet ved inngang av året var kr 442.127.

Reduksjon av kostnader er ein annan måte å kompensere for høge straumrekningar. Kyrkjeverja ynskjer å ha så normal drift som mogleg, men finn det nødvendig å redusera straumforbruket så mykje som mogleg.

Fleire fellesråd i Noreg vurderer drastiske tiltak som å stengje kyrkje på det kaldaste i vinter. Det vil vi prøve å unngå lengst mogleg. For driftsbudsjettet for 2023 er vi avhengige av det ekstra tilskotet vi har søkt kommunen om, for å komme i balanse. Det kjem vi tilbake til i januar når vi ser kva kommunen har vedteke.

Reduksjon av oppvarming blir samstundes eit fokus på miljøansvar!

#### TILTAK:

Etter ein runde i staben har desse forslaga kome opp og blitt drøfta:

1. Senke inne-temperaturen i kyrkjene til 18 °C
2. Sette på varmen i kyrkja laurdag morgon i staden for torsdag eller fredag, før gudsteneste, eller morgonen før til ein gravferdsseremoni.
3. Ha 1-2 ute-gudstenester når det er meldt stabilt kaldt ver (Til dømes ved Joker i Vrådal, og ved gapahuken i Kviteseid)
4. Legge arrangement til kyrkjer som allereie er oppvarma. (Døme på dette er å legge laurdags-dåp til kyrkje som allereie skal varmast opp til sundagen. Men dåp ynskjer vi først og fremst å ha i ordinære sundags-gudstenester.)
5. Ta alle samtaler og møte anten heime eller på kontoret/komm.huset
6. Slå av eller redusere all varme der det ikkje er naudsynt å ha. Vi skrur av vatn så det ikkje frys. Dette gjeld nokre toalett og dåpssakristi, og heile Kilen kapell.
7. Finne ut kor mykje straum vi bruker i dei forskjellige kyrkjene for kvart arrangement/gudsteneste (lese av målarer før og etter, og notere utetemperatur) Dette for å finne ut kva det kostar å varme opp dei forskjellige kyrkjene våre.
8. Vedfyring er ikkje mogleg sjølv om Kviteseid og Vrådal har slike gamle omnar ståande.
9. Tiltak som går ut over tilsette:
  - a. Temperaturen i sakristia ned til 15°C
  - b. Ikkje bruk av varme i kyrkja for reingjering og førebuing, men må ha +grader.
  - c. Organisten øver i kyrkjene når dei er oppvarma, og må elles øve heime.
10. Kjøleaggregat på bårhusa blir vanlegvis ikkje bruka når det er kaldt i veret. Vi treng då heller ikkje slå saman bruk av bårhus for å unngå å ha kjøling på fleire stader samstundes.
11. Bruke minst mogleg tid til tining av graver etter at frosten kjem.

Fredag 30. september vedtok regjeringa i statsråd å gje ein ekstraordinær straumstønad til kyrkjene på kr 30 mill., for å sikre opne og varme kyrkjer til advent og jul. Dette må søkast om, og det er sett eit tak på kr 40.000 pr sokn. Kor mykje vi kan få, og perioden for stønaden, er pr. 6.10. ukjend. Men dette vil uansett vere til god hjelp.

#### **Forslag til VEDTAK:**

Soknerådet drøfta dei forskjellige straumsparingstiltaka og støttar staben sine forslag.

#### **Frå handsaminga:**

Kyrkjeverja gjekk gjennom dei ulike punkta som gjeld straumsparing. Soknerådet drøfta spesielt punktet om å leggje arrangement til kyrkjer som allereie er oppvarma. Det blir ikkje aktuelt med barnedåp på laurdagar no. Dåpsseremoniar skal skje i samband med vanlege gudstenester.

#### **VEDTAK:**

Soknerådet drøfta dei forskjellige straumsparingstiltaka og støttar staben sine forslag.

SR-sak 39.22 FR	Kyrkjeval 2023	MG
<p>Førebuing til kyrkjevalet i 2023 er i gang. Valdagar er 10. og 11. september, samstundes med kommune- og fylkestingsval. I kyrkja er det val til sokneråd, bispedømmeråd og Kyrkjemøte.</p> <p>Sokneråda i bispedømet skal <u>velje ein nominasjonskomité</u> for valet til bispedømeråd og Kyrkjemøtet. Dette valet skjer prostivis. Øvre-Telemark prosti har møte i Seljord onsdag 18.01.22, og der møter soknerådsleiar (eller ein annan vald av SR) og dagleg leiar (kyrkjeverja). Det skal veljast eit lek medlem og eit lekt varamedlem til nominasjonskomiteen.</p> <p><u>Har SR forslag frå Kviteseid?</u></p> <p>På dette møtet vil vi og få informasjon om nominasjons- og valprosessen i vårt eige sokn.</p> <p><b>Forslag til VEDTAK:</b> Soknerådet tek saka til orientering. Forslag til kandidat til nominasjonskomiteen i bispedømet: Astrid Tveten.</p> <p><b>VEDTAK:</b> Soknerådet tek saka til orientering. Forslag til kandidat til nominasjonskomiteen i bispedømet: Astrid Tveten.</p>		
SR-sak 40.22 FR	Allehelgens dag	MG
<p>«Allehelgen 2022 er første helga i november. Alt det viktige sorgarbeidet som foregår i “menighetene” kan løftes opp. Denne helga er en god anledning for å gå ut og invitere til “fellesskap i kirker” skriv Dnk i eit infoskriv.</p> <p><u>Kva gjer vi i Kviteseid sokn?</u></p> <p>Vi har gudsteneste i Kviteseid den helga, søndag 6. nov. kl. 11.00. Vi har ofte hatt ein Allehelgen-konsert nær denne helga. Det har vi ikkje i år. Vi har tidlegare halde opne kyrkjer på allehelgensdag kl. 16.00-18.00, i Brunkeberg, Kviteseid, Fjågesund og Vrådal kyrkjer, med friviljuge til stades.</p> <p>Staben føreslår i år at berre Kviteseid kyrkje held ope med varme. Ynskjer soknerådet at andre kyrkjer og skal varmast opp eller haldast opne utan varme?</p> <p><b>Forslag til VEDTAK:</b> Soknerådet ynskjer å støtte staben sitt forslag om å ha berre Kviteseid kyrkje open på ettermiddagstid denne søndagen.</p> <p><b>VEDTAK:</b> Som føreslege.</p>		

SR-sak 41.22 FR	Ta vare på inventaret i kyrkjene	MG / KS
<p><b>Rundskriv frå KA 30.sept.2022:</b> «1. november er fristen for å <a href="#">søke Riksantikvaren om tilskudd til konservering av alle typer kirkeinventar</a> – fra kirkeklokker, glassmaleri, veggmaleri, tekstiler, kunst, bøker, sølv, møbler og så vidare. Det er ingen krav om egenandel, men eventuelle stillasutgifter må dekkas av eier. Tilskuddet kan brukas til enkeltgjenstander eller til en gjennomgang av gjenstandene i en eller flere kirker, som så kan brukas for prioritering og planlegging av istandsetting og konservering.»</p> <p>Etter ein tankegjennomgang av kyrkjene våre, kjem kyrkjevevja opp med desse sakene vi har vore innom i soknerådet, og som vi kan vurdere å søkje om stønad til. (ikkje prioritert oppsett)</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Restaurering av lysekrona av messing i Kviteseid gamle kyrkje</li> <li>2. Restaurering av konge-portretta i Kviteseid gamle kyrkje. Dei er i dårleg forfatning, men er slike masseproduserte måleri verdt restaurering? (truleg i samarbeid med NIKU)</li> <li>3. Lage ny (kopi av) grøn messehaket i Vrådal kyrkje</li> <li>4. Blyglasa i Kviteseid kyrkje blir truleg ikkje betrakta som glasmåleri, og fell difor utanfor ordninga nå, sjølv om dei utan tvil er å rekne som gamal kyrkjekunst.</li> <li>5. Ny knelepute og anna i velur i Kviteseid kyrkje</li> <li>6. Fornye oppheng til kyrkjeklokka i Vrådal (rapport frå Olsen-Nauen sa det burde gjerast, dei gjer arbeidet. Vi vurderte det som ikkje naudsynt i prioriteringar om pengar til investeringstilskot rundt år 2020)</li> </ol> <p>På grunn av den korte fristen forsøker kyrkjevevja å starte med søknadsprosessen, men ikkje fullføre før etter dette soknerådet.</p> <p><b>Forslag til VEDTAK:</b> Utarbeidast under møtet.</p> <p><b>Utdjuping ved kyrkjevevja:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Restaurering av lysekrona av messing i Kviteseid gamle kyrkje ved Gjørtler Totto Eide i Mandal, er no den einaste attverande fagmann med messing og koppar i Noreg. Lysekrona vart levert i Mandal 16.10. og nokre delar ettersendt i posten 18.10. Alternative metodar for tilbakeføring til god stand, blir drøfta med riksantikvaren.</li> <li>2. Restaurering av konge-portretta (11 stk. ca 65x80 cm) i Kviteseid gamle kyrkje og måleriet i frontveggen bak talarstolen med motiv frå Jesu krossfesting (ca 160x220cm) Kongeportretta er i dårleg forfatning og vart sist konservert av Riksantikvaren i 1969 og samstundes overført til støttelerret. Men nå treng det fornying med minimum rens av overflata på måleria (defernisering av gulna ferniss og konsolidering av laus måling. Då kan vi få glede av måleria dei neste 50-100 år. Det store måleriet er i særskildt dårleg forfatning, slik at motivet nesten ikkje er synleg lenger. Det treng snarleg restaurering. Prosjekteringa og arbeidet om vi får det finansiert, blir gjort av Galleri Tonnes i Oslo som er godt kvalifisert og har erfaring med slike prosjekt.</li> <li>3. Lage ny (kopi av) grøn messehaket i Vrådal kyrkje etter museinvasjonen vinteren 2020/2021. Gerd Nordahl i Høydalsmo er i gang med arbeidet. Sjølv om ho er ein av dei beste på slikt arbeid i Telemark, er ho ikkje fagutdanna konservator, så det er mogleg at prosjektet difor ikkje blir finansiert av Riksantikvaren. Men då greier vi det sjølve. Vi har fått eit prisoverslag på vel 10.000 kr. Arbeidet blir truleg ferdig før jol i år.</li> </ol>		



**VEDTAK:**

Soknerådet ynskjer at søknad blir sendt riksantikvaren for finansiering av

4. Restaurering av lysekrona av messing i Kviteseid gamle kyrkje ved gjørtler Totto Eide i Mandal.
5. Restaurering av konge-portretta og stort måleri i Kviteseid gamle kyrkje ved måleri-konservator Tonne i Oslo
6. Lage ny / kopi av grøn messehaket til Vrådal kyrkje ved Gerd Nordahl i Høydalsmo.

**SR-sak 42.22**  
**FR**

**Eventuelt**

**MG**

Det kom forslag om å kjøpe ein ekstra “mygg” i Kviteseid kyrkje. Det ordnar kyrkjeverja .

Neste soknerådsmøte: Onsdag 23. november, det siste i 2022. Val av soknerådsleiar og nestleiar.